

## Offentleg høyring av søknad om løyve til åtte småkraftverk i Modalen kommune i Hordaland – Frå Modalen ungdomsråd.

Modalen kraftlag BA og Småkraft AS søker om løyve etter vassressurslova til å bygge 8 små vasskraftverk i Modalen. Modalen ungdomsråd stiller seg negative til utbygginga av Kvernhusfossen kraftverk.

I *Konsesjonssøknad for Kvernhusfossen Kraftverk, Modalen Kommune Desember 2013, rev. februar 2016*, står det, "I samband med kartlegging av kulturminne, natur og landskapsmessige tilhøve i eller i tilknyting til Kvernhusfossen, er det ikkje registrert særleg negative konsekvensar ved gjennomføring av tiltaket ved målretta avbøtande tiltak". Dette er noko me er svært ueinige i. Å bygge ut fossen vil føre til mindre vassføring og Modalen ungdomsråd ser på dette som negativt. Fossen er svært synleg når du kjem til Modalen langs Mofjorden. Kvernhusfossen er ein del av det norske fjordlandskapet, og me meiner at utbygging her vil vere med på å gjere det vanskelegare å selje Modalen som ein turistdestinasjon.

I same konsesjonssøknaden står det at "i samband med registrering av biologisk mangfald i området er det påvist tre raudlista artar". Modalen ungdomsråd meiner at det er viktig å ta omsyn til dei trua artane, ettersom det kan ha store konsekvensar for det biologiske mangfaldet.

Utbygginga vil setje spor i naturen. Ein bør unngå for mange store naturinngrep fordi det er særstakt viktig å ta vare på det unike ved naturen i Modalen. Dette er noko Modalen ungdomsråd oppmodar å ta omsyn til når det gjeld alle dei åtte kraftverka. Urørt natur byrjar snart å verte mangelvare. Det er ungdommen som skal leve i Modalen i framtida. For oss er det viktig å ta vare på det som er att av urørt natur i kommunen; fjord, fjell og fossar.

Mvh  
Modalen Ungdomsråd